



ORDENSREGLEMENT VED BRATTVÅG UNGDOMSSKULE

§1 Formål.

Visjonen til Brattvåg ungdomsskule er: «Vi skal ville kvarandre vel, og gjere kvarandre gode». Vi vil ha ein skule som er prega av samarbeid, trivsel, respekt, medansvar og inkludering.

Ordensreglementet er eit verkemiddel for å nå denne målsettinga, og for å sikre at skulen skal vere ein god stad å vere for alle.

Generell orden og åtferd skal gje elevane gode høve til læring og utvikling. Difor må vi saman skape eit godt arbeidsmiljø for både elevar og tilsette på skulen.

Ei av dei viktigaste oppgåvene skulen har, i samarbeid med føresette, er å sikre at elevane skaffer seg sosial dugleik som er naudsynt for å fungere i samfunnet.

Brattvåg ungdomsskule set krav til ungdommen sin åtferd. God og omsynsfull åtferd bidreg til eit godt samarbeidsklima, som er grunnlaget for eit godt læringsmiljø. Alle skal følgje vanlege reglar i samfunnet, bl.a. alminneleg god folkeskikk.

Ordensreglementet skal bidra til at elevar, tilsette og foreldre/føresette har ei felles forståing av kva som er ønskja orden og åtferd i skulekvardagen.

§2 Verkeområde.

I tillegg til eit felles ordensreglement, vert det gitt mynde til å gje utfyllande trivselsreglar i klassene, eller på trinn. Ein kan ikkje fråvike fellesreglementet. Ordensreglementet inneheld reglar for orden og åtferd, reglar for tiltak som kan bli brukt overfor elevar som bryt reglementet, og reglar for framgangsmåten når slike saker skal bli behandla.

§3 Elevane sine rettar.

Eit godt fysisk og psykisk skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, j.fr. Opplæringslova § 9A.

- Å bli møtt med respekt av alle.
- Å få medansvar for eit trygt og inkluderande skulemiljø.
- Å få hjelp til å løyse konflikter som oppstår som del av skulekvardagen.
- Å få ei tilpassa opplæring med konstruktive tilbakemeldingar.

Orden og åtfærd.

§4 Elevane sine plikter.

Elevane skal:

- Vise omsyn og respekt for andre.
- Halde arbeidsro i timane og vise respekt for undervisninga.
- Møte presis til timar og avtalar, og ha med naudsynt læremiddel og utstyr.
- Gjere skulearbeidet til avtala tid.
- Halde skulen sitt område reint og ryddig.
- Ta godt vare på alt som høyrer skulen til, både ute og inne, og stelle fint med skulebøker og anna undervisningsmateriell.
- Ta godt vare på personlege eigedelar. Unngå å ta med verdisaker til skulen.
- Levere mobil til mobilhotell.
- La sykkel/sparkesykkel, samt scooter/moped stå parkert i skuletida, om ikkje anna er avtalt.
- Snøballkasting er lov kun mot oppsett blink.
- Rette seg etter pålegg frå tilsette ved skulen.
- Halde seg innanfor skulen sitt område i skuletida, dersom det ikkje er gjeve løyve om noko anna.

Dette er ikkje tillatt:

- Å mobbe, krenke og skape ubehag for andre.
- Ha med seg eller nytte godteri og brus eller energidrikk på skulen når ikkje anna er avtalt.
- Fysiske-, voldelege- eller verbale angrep på andre.
- Å ta bilete, film eller lydopptak av andre personar ved skulen utan løyve frå den det gjeld.

Mobbing og vald.

- Mobbing er fysiske- og/eller psykiske angrep som over tid er retta mot ein eller fleire elevar og/eller tilsette. Mobbing, vald eller trusler om vald er ikkje akseptert ved skulen.
- Skulen har eigen handlingsplan mot mobbing og vald. Ved mobbing eller vald vil føresette til begge partar bli kontakta.
- Ulovlege hendingar vil bli meldt til politiet.

Fråvær.

Barn og ungdom har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Når det er forsvarleg kan rektor etter søknad gje den enkelte elev permisjon i inntil to veker. Elektronisk søknadsskjema skal nyttast:

https://skjema.onacos.no/alesund/skjema/skjema/ALE063/Sknad_om_permisjonfri_fra_skolen

Fråvær utover dette er å rekne for at eleven er tatt ut av skulen.

Eleven sine føresette må då dokumentere at barnet får tilsvarende opplæring i ein annan skule eller ved heimeundervisning.

Dersom eleven kjem for seint utan melding eller er ulovleg borte frå skulen, vil eleven sine føresette bli kontakta.

Ein skal ha melding frå heimen når:

- Eleven skal ha planlagt fråvær frå skulen. Kontaktlærar kan innvilge fri inntil 1 dag. Rektor kan innvilge fri frå 2-14 dagar.
- Eleven har blitt hindra frå å gjere heimearbeidet.
- Eleven ikkje kan delta aktivt i faga, som t.d. kroppsøving eller symjing.
- Eleven er borte frå skulen, grunna t.d. sjukdom eller lege-/tannlegetime.

Farlege gjenstander.

På skulen sitt område er det ikkje tillate å ha med gjenstander som kan nyttast til å utøve skade på andre. Gjenstandane kan bli beslaglagte av skulen. Ulovlege gjenstander skal bli overlevert til politiet. Andre gjenstander blir overlevert til føresette.

Rusmiddel.

Det er ikkje tillate å ha med seg eller bruke snus, tobakk, elektroniske sigaretter, alkohol, narkotika eller andre rusmiddel på skulen sitt område. Ved brot på reglane vil dei føresette bli kontakta. Skulen kan beslaglegge rusmidla. Tobakk og alkohol skal bli levert til elevane sine føresette. Ulovlege rusmiddel skal overlatast til politiet.

Hærverk.

Forsettleg eller aktaus skade eller hærverk på skulen sin eigedom og skulen sitt utstyr, kan medføre eit erstatningskrav overfor dei føresette. Det same gjeld ved tap eller øydelegging av bøker og anna utstyr, j.f. Lov om skadeerstatning §§ 1-1 og 1-2.

IKT og mobil.

Viser til skulen sine eigne reglar for IKT.

Reglar for mobilbruk:

- Mobilen skal leverast til mobilhotell kl. 09.00.
- Mobilen skal kun brukast etter avtale med lærar i skuletida.
- Dersom ein elev fleire gonger har brote reglane for mobilbruk, blir foreldre/føresette kontakta.
- Det er ikkje tillate å bruke «musikk på øyret» utan etter avtale med lærar.

Fusk / plagiat.

Fusk eller forsøk på fusk får konsekvensar for vurdering/karakter i åtferd. Dersom ein elev har fuska i ein prøvesituasjon eller innlevering, vil produktet bli gradert med IV (ikkje vurderingsgrunnlag). Viser elles til skulen sine retningslinjer for fusk / plagiat.

Reaksjonsmåter ved fusk på eksamen er regulert i forskrift om endring i forskrift til Opplæringslova §3-34.

Smittevern.

Elevane skal rette seg etter dei nasjonale smittevernsreglane som er gjeldande til ei kvar tid, og til dei lokale tilpassingane ved Brattvåg ungdomsskule.

§ 5 Tiltak for brot på ordensreglementet – sanksjonar.

Alle sanksjonane skal vere slik at elevane skal forstå kva for reglar som er brotne og kvifor skulen må reagere på dette. Brot på reglar som følgje av lov eller reglement blir sanksjonert.

Skulen vil normalt bruke følgjande sanksjonar mot brot på ordensreglane.

- Munnleg irettesetting.
- Munnleg melding til foreldre/føresette.
- Skriftlege merknadar. Ved 5 brot på orden/åtferd vert det sendt varsel om fare for nedsett karakter i orden eller åtferd.
- Munnleg eller skriftleg påtale frå rektor.
- Mellombels eller permanent bytte av gruppe/klasse.
- Inndraging av gjenstander som vert brukt på ein farleg eller provoserande måte, eller som på anna måte er upassande. Inndregne gjenstandar kan leverast attende til foreldre/føresette.
- Nedsett karakter i orden eller åtferd.

Bortvising

Ved bruk av vald og/eller truslar, særleg provoserande atferd eller andre grove brot på ordensreglementet, kan elevar visast bort frå klassa eller gruppa (jf. Opplæringslova § 9A-11). Skulen tek kontakt med heimen i slike saker.

Eleven kan visast bort:

- Frå klassa/gruppa for resten av timen.
- Frå skulen for resten av skuledagen etter avgjerd av rektor.
- Frå skulen for inntil 3 dagar etter avgjerd av rektor.
- Når ein elev hindrar andre elevar si læring og nektar å ta imot beskjed frå lærar, kan skulen kontakte føresette som må ta eleven med heim.

Tvungent skulebytte.

I dei aller mest alvorlege sakene, kan ein pålegge eleven eit tvungent skulebytte, jf. Opplæringslova § 9A-12.

Straffbare hendingar.

Ut frå omsynet til orden på skulen, ivaretaking av elevane og dei tilsette, og som normgivande signal, skal straffbare hendingar meldast til politiet.

§ 6 Sakshandsaming.

Sanksjonar som vert regulert i ordensreglementet har heimel i Opplæringslova § 9A-10 samt reglane for handsaming i Forvaltningslova kap III – kap VI ved enkeltvedtak.

Ved avgjerd som ikkje er enkeltvedtak, skal følgjande sakshandsamingsreglar uansett gjelde:

- Skulen pliktar å sjå til at saka er så godt opplyst som mogleg, og avgjerda skal treffast på eit grunnlag som er forsvarleg etter art og karakter av saka.
- Eleven skal varslast og få relevante opplysningar i saka med høve til å uttale seg før avgjerda treffast. I alvorlege saker skal føresette bli kontakta. Varselet kan bli gitt munnleg, men ved avgjerd av særleg vekt, bør varselet bli gitt skriftleg.
- Avgjerda bør grunngjevast, og avgjerd om bortvisning skal alltid grunngjevast.

Ved gjentakande brot på ordensreglane vil skulen kontakte andre relevante instansar.

Reglementet for orden og åtferd, både det kommunale og lokale trivselsreglar, skal gjerast kjent for elevar, føresette/foreldre og tilsette kvart år ved starten på skuleåret. Dette ansvaret ligg på kontaktlærar. Reglementet skal til ei kvar tid vere tilgjengeleg på skulen/kommuna sine nettsider.